Salsinntekter *Tenester Øvrige* ligg 3,2 mill under budsjett, dette skuldast i hovudsak manglande fakturering av nokre kundar, vil bli korrigert i mai.

Salsinntekter Anna er tilskot til drift og utvikling av medisinske kvalitetsregistre og inntektsført andel av tilskot til raskare innføring av elektroniske tilvisingar frå revidert nasjonalbudsjett 2013 og statsbudsjett 2014. I tillegg kjem tilskot til dekning av pensjon (med tilsvarende kostnad).

Personalkostnader er 5,4 mill under budsjettet. Det er levert i alt 78 841 timer frå Helse Vest IKT til prosjekt ved utgangen av april, dette er 13 566 meir enn budsjettet (aktiverbare investeringsprosjekt 5 300 timar for mykje, ikkje aktiverbare 8 250 timar for mykje).

Avskrivningar ligg 4,1 mill under budsjett. Dette skuldast mellom anna forseinka oppstart av Libra.

Eksterne tenester ligg 3,2 mill over budsjett. Det skuldast tverregionalt LIS-prosjekt der kostnadar som skal belastast øvrige regioner går gjennom rekneskapen til Helse Vest IKT.

Lisenskostnadar ligg 3,0 mill over budsjett. Budsjettet må sjåast i samanheng med posten Anna, kor avsetning på fakturaer i flyt er bokført.

Linjeleige ligg 0,7 mill over budsjett. Linjeleige inngår i variabel del av nettverkskostnadar som blir viderefakturert HF. Prognosen er med etableringskostnadar og ny linjeleige frå Norsk Helsenett.

Andre kostnader ligg 0,2 mill under budsjett. Avviket er i hovudsak avsetning for fakturaer som er under behandling, og som skal fordelast på øvrige grupper, vedlikehaldsavtalar på infrastruktur og kjøp av IKT-utstyr.

Netto finanskostnad ligg 0,2 mill under budsjett. Vi har i prognosen lagt til grunn at lånerenta vil auka noko gjennom året.

3.3 Balanse 30.04.2019 (foreløpig)



Balanserekneskapen er foreløpig, da det gjenstår nokre bilag på oppgjør av krav og mva, noko som gir for høge tal på Krav, Bankinnskot og Kortsiktig gjeld. I tillegg har vi hatt nokre utfordringar med fakturering til HF'a i april/mai, noko som har gitt kortsiktige utfordringar likviditetsmessig. Det er derfor tatt opp kortsikige likviditetslån frå Helse Vest RHF for å dekke løpende driftskostnadar.

Balanse per 30.04.2019 (tal i 1 000)	Hittil i år	2018
Immatrielle eigendelar	990 029	944 764
Varige driftsmiddel	285 455	271 593
Finansielle anleggsmiddel	3 733	3 733
Sum anleggsmidler	1 279 217	1 220 090
Varer	6 605	6 582
Krav	262 176	150 649
Bankinnskot	137 950	69 494
Sum omlaupsmidlar	406 731	226 725
Sum eigendelar	1 685 948	1 446 815
Aksjekapital	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	150 319	150 319
Annan eigenkapital	40 408	32 723
Sum eigenkapital	191 727	184 042
Pensjonsforplikting	78 274	76 935
Langsiktig gjeld	994 338	997 015
Kortsiktig gjeld	421 609	188 822
Sum gjeld	1 494 221	1 262 772
Sum eigenkapital og gjeld	1 685 948	1 446 814

3. Personellressursar

Viser sykefravær i perioden frå mai 2018 til og med april 2019. Snitt siste 12 mnd er på 4,7 %.

	201901	201902	201903	201904	201805	201806	201807	201808	201809	201810	201811	201812	Snitt siste 12 mnd.
Sykefraværs prosent	5,67	6,83	5,74	4,38	3,92	3,41	4,48	4,11	3,77	4,40	4,91	4,81	4,70




Verksemdsrapport for Helse Vest IKT AS

Tabellen nedenfor viser **antall tilsette** i selskapet, tal frå gammel kube.

Tabellen har med tilsette med status slutta i perioden og ikke slutta i perioden.

Tall medarbeidere kan difor fremstå som litt for høge i måneder der medarbeidere slutter.



Turnover siste 12 mnd,

Kun fast tilsette.

Reel turnover for organisasjon: Alle avdelinger, stillingsgruppe: Alle yrkesgrupper, alder: alle aldre, ansatttype: fast

	201901	201902	201903	201904	201805	201806	201807	201808	201809	201810	201811	201812	Snitt siste 12 mnd
Antall sluttet i perioden	2	5	1	4	3	4	0	3	4	1	3	4	34
Tal medarbeidarar	536	538	538	542	506	507	522	528	530	530	533	533	529
Turnover i prosent	0,37 %	0,93 %	0,19 %	0,74 %	0,59 %	0,79 %	0,00 %	0,57 %	0,75 %	0,19 %	0,56 %	0,75 %	6,43 %

SAK 038-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 20.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Langtidsbudsjett Helse Vest IKT for 2020 - 2024**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **038/19 B**

STYREMØTE: **07.06.2019**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret vedtar langtidsbudsjett Helse Vest IKT AS for 2020 – 2024, slik det vart lagt fram i sak 024/19.*

Oppsummering

Viser til sak 024/19 B der administrasjonen la fram utkast til langtidsbudsjett for Helse Vest IKT HF for 2020 – 2024. Styret vedtok i saka vidare handtering via epost slik at administrasjonen kunne oversende langtidsbudsjettet til Helse Vest RHF innan avtalt frist. Denne saka er ei kort oppsummering av handteringa av saka via epost.

Fakta

Viser til sak 24/19, der fylgjande vart protokollert;

«Sak 24/19 B Langtidsbudsjett for Helse Vest IKT AS 2020 - 2024

Oppsummering:

Administrasjonen har lagt fram eit forslag til langtidsbudsjett for perioden 2020 – 2024. Framlegget til langtidsbudsjett er Helse Vest IKT sitt beste overslag over våre inntekter og dermed føretaka sine kostnader for perioden 2020 – 2024, alt i 2019-kroner og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden.

Langtidsbudsjett for portefølje (både aktiverbare og ikkje-aktiverbare prosjektkostnader) skal handsamast i Porteføljestyret 6. mai. Framlagt forslaget til langtidsbudsjett for Helse Vest IKT er utarbeid med utgangspunkt i det forslaget til porteføljebudsjett som er tenkt lagt fram for Porteføljestyret. Styret stilte ei rekkje spørsmål ved utkastet til langtidsbudsjettet for Porteføljen. Styret ba administrasjonen gjennomgå utkast til langtidsbudsjett med leiar for Porteføljestyret. Dersom Porteføljestyret gjer endringar i det forslaget til budsjett, må administrasjonen innarbeide desse konsekvensane i langtidsbudsjettet for Helse Vest IKT før oversending til Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes):

1. *Styret tok forslag til langtidsbudsjett Helse Vest IKT AS for 2020 – 2024 til orientering.*
2. *Styret bad administrasjonen innarbeide eventuelle endringar i langtidsbudsjett for Helse Vest IKT, etter handsaming av budsjett for porteføljen i Porteføljestyret 6. mai.*
3. *Styret ber administrasjonen sende ut via e-post revidert utkast til langtidsbudsjett for Helse Vest IKT, der eventuelle endringar etter handsaming av porteføljebudsjett i Porteføljestyret er innarbeida, før langtidsbudsjettet for Helse Vest IKT vert oversendt til Helse Vest RHF.»*

Langtidsbudsjettet for portefølje i program og prosjekt vart handsama av Porteføljestyret 6. mai, jfr. vedlegg sendt ut via epost datert 10.05.2019.

I saka til Porteføljestyret er det gjort eit tydelegare skilje mellom kostnader til program/prosjekt som er aktiverbare og kostnader som ikkje kan aktiverast. Det er og vist tydelegare kva del av budsjett for åra 2021 og framover som per dags dato ikkje er allokert til faktiske program/prosjekt som det er inngått kontraktar om. Dermed er handlingsrommet i porteføljebudsjettet presentert.

Langtidsbudsjettet for portefølje vart vedteke utan endringar. Dermed førte handsaming av langtidsbudsjett for porteføljen ikkje til endringar i det utkastet til langtidsbudsjett for Helse Vest IKT 2020 – 2014 som vart lagt fram for styret i Helse Vest IKT i styresak 024/19.

Med bakgrunn i dette er det ikkje gjort endringar i Helse Vest IKT sitt langtidsbudsjett for 2020 – 2024.

Administrasjonen vil derfor tilrå at styret vedtek det langtidsbudsjettet for Helse Vest IKT AS for 2020 – 2024 som vart lagt fram i styremøtet 25.04.2019.

Administrasjonen har fått tilslutning til forslag til vedtak sendt ut via epost.

Konklusjon

Administrasjonen har lagt fram eit forslag til langtidsbudsjett for perioden 2020 – 2024. Framlegget til langtidsbudsjett er Helse Vest IKT sitt beste overslag over våre inntekter og dermed føretaka sine kostnader for perioden 2020 – 2024, alt i 2019-kroner og utan justeringar for pris og lønsvekst i perioden.

SAK 039-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 29.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland
SAKA GJELD: **Søknad om langsiktig finansiering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 039/19 B

STYREMØTE: 07.06.2019

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2019 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 115 mill. kr.*

Oppsummering

Helse Vest IKT gjennomfører investeringar for helseføretaka innanfor IKT-området i tråd med avtalt opplegg for prosjektporteføljestyling. Helse Vest IKT AS søker Helse Vest RHF om utviding av det langsiktige lånet med 115 mill. kr. for å finansiere investeringane som er godkjent i prosjektporteføljen for 2019. Tilbakebetaling av lånet vil minimum skje i takt med innbetalingane via Tenesteavtalane med helseføretaka.

Fakta

Viser til sak 087/08 om langsiktig finansiering av Helse Vest IKT. Helse Vest IKT gjennomfører investeringar for helseføretaka innanfor IKT-området i tråd med avtalt opplegg for prosjektporteføljestyling.

Den vedtekne prosjektporteføljen krev ei auke av finansieringsramma for Helse Vest IKT med 115 mill. kr., jfr. likviditetsbudsjettet lagt fram i budsjett for 2019, revidert etter vedtak i Porteføljestyret 11.03.2019 om ekstra midlar til infrastruktur røntgenløysning (10 mill. kr.) og ekstra midlar til migrering røntgendata frå Agfa (5 mill. kr.), sjå neste side.

For detaljar vert det vist til styresak 083/18 handsama av styret i Helse Vest IKT i styremøtet 14.12.2018. Styret gjorde fylgjande vedtak i saka, jfr utdrag frå protokollen;

«Sak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT AS for 2019

Oppsummering:

Helse Vest IKT har etter styremøtet 07.11.2018 hatt dialog med helseføretaka og Porteføljestyret om budsjett for 2019. Det har vore særleg fokus på innføring av nye løysingar, HF-investeringar, og innsparingsmuligheiter. I tillegg er det sett på portefølje, arbeidsoppdrag, og leigeordning. Forslag til endringar i SLA for 2019 har ikkje gitt vesentlege endringar i budsjett.

Forslag til budsjett er på 1 139,3 mill. kr., ei auke på 95,1 mill. kr. i forhold til prognose for 2018, og ei auke på 121,3 mill. kr. i forhold til budsjett 2018.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok budsjett for Helse Vest IKT AS for 2019.»

Likviditetsbudsjett 2019

	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETER:												
Månadens resultat	0	0	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Ordinære avskrivningar	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332	22 851 332
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583	-8 423 583
Betaling av fakturafløyt frå 2018/overføring av flyt til 2019	-20 000 000										10 000 000	10 000 000
Forskotsbetalt/periodisert faktura for 2019 - heilårs	-25 000 000			-25 000 000			-25 000 000			-25 000 000		
Periodisert kostnad		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000		12 500 000	12 500 000
= Netto kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	-30 572 251	26 927 749	27 027 749	-10 472 251	27 027 749	27 027 749	-10 472 251	27 027 749	27 027 749	-10 472 251	37 027 749	37 027 749
Periodisert pensjonskostnad	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667	5 052 667
Betalt pensjonspremie		-12 000 000			-12 000 000			-12 000 000		-2 840 000	-12 000 000	
= Endring i driftslikviditet	-25 519 584	19 980 416	32 080 416	-5 419 584	20 080 416	32 080 416	-5 419 584	20 080 416	32 080 416	-8 259 584	30 080 416	42 080 416
KONTANTSTRAUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger applikasjonsprosjekt	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667	-22 916 667
Infrastrukturinvesteringar	-8 000 000	-6 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-7 000 000	-7 000 000
Aktivert leigutstyr alle	-4 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Korreksjon for egne aktiverbare/viderefakturerbare timar	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583	8 423 583
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter	-26 493 083	-25 493 083	-24 493 083	-24 493 083	-44 493 083	-29 493 083	-10 493 083	-11 493 083	-28 493 083	-29 493 083	-26 493 083	-26 493 083
KONTANTSTRØMMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETER:												
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter	0	0	0	-1 500 000	0	0	0	0	-1 500 000	0	0	0
Over-/underskuddslikviditet investeringar	-26 493 083	-25 493 083	-24 493 083	-25 993 083	-44 493 083	-29 493 083	-10 493 083	-11 493 083	-29 993 083	-29 493 083	-26 493 083	-26 493 083
= Total endring likviditet	-52 012 668	-5 512 668	7 587 332	-31 412 668	-24 412 668	2 587 332	-15 912 668	8 587 332	2 087 332	-37 752 668	3 587 332	15 587 332
Inngående likviditetsbeholdning i perioden	30 000 000	-22 012 668	-27 525 335	-19 938 003	-51 350 671	-75 763 339	-73 176 006	-89 088 674	-80 501 342	-78 414 010	-116 166 677	-112 579 345
= Utgående likviditetsbeholdning	-22 012 668	-27 525 335	-19 938 003	-51 350 671	-75 763 339	-73 176 006	-89 088 674	-80 501 342	-78 414 010	-116 166 677	-112 579 345	-96 992 013
ubenyttet innvilget lån												
= Utgående likviditetsbeholdning inkl. ubenyttet	-22 012 668	-27 525 335	-19 938 003	-51 350 671	-75 763 339	-73 176 006	-89 088 674	-80 501 342	-78 414 010	-116 166 677	-112 579 345	-96 992 013

SAK 040-19

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 28.05.2019

SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Harald Flaten, Ørjan Andersen, Gjertrud Fagerli, Geir Granerud, Vidar Råheim og Erik M. Hansen

SAKA GJELD: **Rapportering av risiko per 1. tertial 2019**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **040/19 B**

STYREMØTE: **07.06.2019**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tar rapportering av risiko for Helse Vest IKT per 1. tertial 2019 til etterretning.*
2. *Styret ber administrasjonen fylgje opp risikobiletet i Helse Vest IKT.*

Oppsummering

Viser til «Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest» versjon 4.0 for 2012 som vart behandla og godkjent av Helse Vest RHF i styresak 033/12 «Gjennomføring av risikostyring i føretaksgruppa i helse Vest, revidering av retningslinjer».

Etter 2013 skal ikkje risikovurderinga rapporterst til Helse Vest RHF, men som tidlegare år følgjast opp av styra.

Rapportering på risiko i Helse Vest IKT fylgjer vedtekne retningslinjer.

Fakta

Administrasjonen har utarbeid ei vurdering av status på risiko per utgangen av 1. tertial 2019. Det er berre det overordna risikobiletet som er presentert i vedlegg 1 til denne saka. Detaljane er ikkje lagt fram for styret, jfr. tidlegare avklaringar med styret.

Administrasjon har før rapportering av risiko per 1. tertial, gått igjennom og oppdatert overordna mål for risikostyring. Det er dei reviderte måla det er rapportert i forhold til i vedlegg 1.

Konklusjon

Administrasjonen er av det syn at risikovurderinga viser ein handterleg situasjon for Helse Vest IKT per utgangen av 1. tertial 2019.

Rapportering av risiko for Helse Vest IKT AS per 1. tertial 2019

OVERORDNA MÅL:	Helse Vest IKT skal bidra til forenkling av pasientbehandligna
-----------------------	---

Risikomatrise 1. tertial 2019:

Sannsynlighet	Konsekvens					
		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			1.1C, 3.1B	2.2B, 3.1A	
	Moderat			1.1A, 2.1A, 3.1C, 4.1A	1.1D, 1.1E, 1.2C, 2.1B, 4.1B, 4.1C	1.1B
	Liten					
	Svært liten					

Fylgjande skalaer for sannsynlegheit og konsekvens er brukt. Dette er i samsvar med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.

Sannsynligheit		Konsekvens	
Svært liten	Skjer tilnærma ikkje/er ikkje tilfelle	Ubetydeleg	Ingen betydning for måloppnåinga
Liten	Vil skje sjeldan/er sjeldan tilfelle	Lav	Liten betydning for måloppnåinga
Moderat	Kan skje/vere tilfelle	Moderat	Vil ha innverknad på måloppnåinga
Stor	Vil med stor sannsynligheit skje/vere tilfelle	Alvorleg	Betydeleg innverknad på måloppnåinga
Svært stor	Vil skje/er tilfelle	Svært alvorleg/kritisk	Svært stor innverknad på måloppnåinga

Styringsmål 1	Helse Vest IKT skal sørge for stabil drift med god kosteffektivitet, høg brukartilfredshet og god informasjonstryggleik
----------------------	--

Delmål 1A	Sikre fortsatt høg brukartilfredsheit ved å halde SLA (levere på løysingstid på episodar og leveransar, samt på servicegrad for telefon gjennom 2019).		
Leverer i hht SLA med forventa auke i aktivitet.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1A : Det er risiko for å ikkje kunne levere i henhold til SLA før grunna mange store prosjekt som går i produksjon; Libra, Ferd (Sectra), ODA (DIPS Arena), generell økt bruk av IKT-system.			

Delmål 1B	Endringar på konfigurasjon av infrastruktur og system som kan utførast av <u>ein</u> tilsett med få tastetrykk og med svært stor konsekvens, må dokumenterast og gjennomførast kontrollert og feilfritt.		
Kritisk suksessfaktor 1.1B: Følgjer endringsprosess. Vidareutvikle gode rutinar der fleire er involvert og kontrollerer og godkjenner endringa før iverksetting. Oppfølging av endringar i ettertid med rapportar og/eller anna kontroll.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3

Risikoelement 1.1B: Endringar blir utført med feil. Rutinar blir ikkje følgt. Ei endring viser seg å ha større risiko enn først antatt.			
--	--	--	--

Delmål 1C	Sikre og vidareutvikle god bruk av EPJ løysinger for Helse Vest		
Kritisk suksessfaktor 1.1C: Kompetansebygging på DIPS Arena, Meona, DMA(sectra), Imatis, mm.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1C: Opplæring av tilsette i IKT-fagsenter blir ikkje prioritert i prosjekta. Utfordringar med å rekruttere personell frå helseføretaka til arbeid med brukarstøtte			

Delmål 1C	Sikre og vidareutvikle god bruk av EPJ løysinger for Helse Vest		
Kritisk suksessfaktor 1.2C: Tilsette har tilstrekkelig kompetanse til å dokumentere helsehjelp og til å finne relevant helseopplysningar i EPJ systema.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.2C: Ledere er ikkje kjent med kurstilbud, eller prioriterer ikkje opplæring for sine tilsette			

Delmål 1D	Vidareutvikle IKT-infrastruktur som ein grunnmur for å kunne ta i bruk nye tenester.		
Kritisk suksessfaktor 1.1D: God verktøystøtte og høg grad av automatisering.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1D: Dagleg drift tar alle ressursane, slik at Helse Vest IKT ikkje får prioritert dette for eigne leveransar og tenester.			

Delmål 1E	Rett balanse mellom drift og program/prosjekt		
Kritisk suksessfaktor1.1E: Felles planlegging på tvers av Helse Vest IKT for å sikre at «stabil drift» vert oppretthalde.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1E: Manglande samarbeid, manglande felles forståing, manglande prioritering.			

Styringsmål 2	Helse Vest IKT skal bidra til å gjere pasientbehandlinga enklare ved utvikling av tenester i nær dialog med føretak og brukarar.		
----------------------	---	--	--

Delmål 2A	Bidra til kontinuerlig utvikling av IKT-løysingar gjennom å legge til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og med dei ulike leverandørane av teknologi og løysingar		
Kritisk suksessfaktor2.1A: Vidareutvikle ein forvaltingsmodell som evnar å samordne like prosessar og kapasitetar på tvers av liknande system og tenestegrupper. Tilpasse forvaltingsnivået mellom ulike kategoriar av system og tenestegrupper basert på hastegrad og kritikalitet.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.1A: Ulik oppfølging av system internt i Helse Vest IKT. Uklare rolleavklaringar mellom avdelingar og seksjonar.			

Delmål 2 B	Bidra til gjennomføring av regional prosjektportefølje og lokale prosjekt (t.d. byggprosjekt) ved å allokere ressursar og ferdigstille leveransar i tråd med prosjekta sine behov.		
Kritisk suksessfaktor 2.1B: Helse Vest har felles prioritering og ein samstemt, realistisk masterplan for program og prosjekt.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.1B: Urealistiske rammevilkår for prosjekta – knytt til tid, kost, innhald, samt tilgang til personell og tekniske kapasitetar (t.d. testmiljø). Dette kan føre til lågare kvalitet i leveransar, forseinkingar, kostoverskridingar og høgare turnover blant tilsette. Utydelege avhengigheitar og samanhengar <u>mellom</u> prosjekta hindrar effektiv framdrift.			

Delmål 2 B	Bidra til gjennomføring av regional prosjektportefølje og lokale prosjekt (t.d. byggprosjekt) ved å allokere ressursar og ferdigstille leveransar i tråd med prosjekta sine behov.		
Kritisk suksessfaktor 2.2B: Regional prosjektportefølje er føremålstenleg organisert.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.2B: Lite føremålstenleg organisering reduserer framdrift i prosjekta, fører til overlapp eller dårleg samanheng mellom løysingar, og/eller fører til dårleg ressursutnytting og difor høgare kost (mykje administrativ kapasitet vert nytta til å sikre tilstrekkeleg bemanning av dei enkelte prosjekta).			

Styringsmål 3	Helse Vest IKT skal bidra til heilskapleg styring av prosjektportefølje, arkitektur og innovasjon
----------------------	--

Delmål 3 A	Auke kvalitet og effektivitet i prosjektporteføljestyling og prosjektgjennomføring, samt betre samanhengen med føretaksgruppa sine strategiske målsettingar.		
Kritisk suksessfaktor 3.1A: Levere porteføljeresursar til Felles Arkitektur- og Porteføljekontor som tar ansvar for vidareutvikling av porteføljestylinga.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1A: Kompliserte samanhengar og rammevilkår i porteføljen reduserer muligheitene for betre kvalitet og høgre effektivitet.			

Delmål 3 B	Betre praksis for arkitekturstyring og arkitekturarbeid i prosjekt og program slik at føretaksgruppa gjer betre prioriteringar av endringstiltak, samt aukar kvalitet og effektivitet i gjennomføring av tiltaka, også sett i samanheng med føretaksgruppa sine strategiske målsettingar.		
Kritisk suksessfaktor3.1B: Levere arkitektressursar til Felles Arkitektur- og Porteføljekontor, og arkitektenester til program/prosjekt og til føretaka slik at målbildet for verksemdsarkitektur blir vidareforedla, og at endringar gjennom t.d. prosjektleveransar vert gjennomført i tråd med målbildet.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1B: Manglande kapasitet, modning og evne til heilskapleg arkitekturstyring.			

Delmål 3 C	Medverke til auka satsing på innovasjon i samsvar med Helse Vest sin innovasjonsstrategi, der teknologi spelar ei vesentleg rolle og der målet er gode brukaropplevingar.		
Kritisk suksessfaktor 3.1C: Helse Vest IKT er ein reell bidragsytar i innovasjonsarbeidet i Helse Vest på ny teknologi og på gode brukaropplevingar for tilsette, pasientar og pårørande.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1C: Manglande samhandling i føretaksgruppa innan innovasjonsarbeid og manglande fokus på brukaropplevingar.			

Styringsmål 4	Helse Vest IKT skal ha HMS som ein sjølvstendig del av arbeidsdagen, og sikre riktig kapasitet og kompetanse som understøtter selskapets leveransar.		
----------------------	---	--	--

Delmål 4 A	HMS-strategi er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk. Det skal leggst til rette for ein god meldekultur der meldesystem vert nytta for uønskte hendingar.		
Kritisk suksessfaktor 4.1A: Informere om HMS-strategi i kurs for nytilsette, leiarsamlingar mv., samt følge opp melding om uønskte hendingar i meldingssystemet Synergi.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1A: Ulik oppfølging, mangelfull oppfølging, mangelfull informasjon.			

Delmål 4 B	Halde turnover på eit hensiktsmessig nivå.		
Kritisk suksessfaktor 4.1B: Ivareta eit godt arbeidsmiljø med engasjerte medarbeidarar som har spennande oppgåver og opplever at dei har ein trygg arbeidsplass med gode utviklingsmuligheiter.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1B: Arbeidspress kan bli for stort, konkurranse frå andre verksemdar kan auke, manglande tid til kompetanseutvikling.			

Delmål 4 C	Sikre god rekruttering av nye medarbeidarar.		
Kritisk suksessfaktor 4.1C: Helse Vest IKT må være ein attraktiv arbeidsgjevar som tilbyr spennande oppgåver.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1C: Når ikkje fram til aktuelle søkarar, tilbyr ikkje konkurransedyktig løn.			

SAK 041-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 27.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Rolf Ruland, Fredrik Eldøy, Erik M. Hansen
SAKA GJELD: Kartlegging av kundetilfredsheit Helse Vest IKT 2019

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 041/19 O

STYREMØTE: 07.06.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helse Vest IKT har sidan 2007, anna kvart år gjennomført kartlegging av kundetilfredsheit. Sist gong det var gjort slik kartlegging var i 2017. Adm. dir. viser her til sak 022/17 handsama i styremøtet 19.04.2017.


Helse Vest IKT har i mars/april gjennomført årets kartlegging.

Administrasjonen har i denne saka lagt fram for styret ei kort oppsummering av tiltak som resultat av intern gjennomgang av kartlegging av kundetilfredsheit.

Fakta 2019

Det er nedanfor vist kurver for dei viktigaste spørsmåla som vart stilt i kartlegginga. Den fyrste figuren viser kor tilfreds brukaren er samla sett med det totale tenestetilbudet frå Helse Vest IKT.


På spørsmålet om kor nøgd er du med det samla tenestetilbudet frå Helse Vest IKT svarte 94% at dei er nøgd (tilfreds) eller særst nøgd (meget tilfreds). I 2017 var summen av desse svara det same. I 2015 var talet 91% og i 2013 88%. Figuren nedanfor viser ei utviklinga sidan 2007 til 2019 på dette spørsmålet.



Figuren viser ein liten nedgang samanlikna med 2017. (Frå 92 % til 91% for summen av «Meget tilfreds» og «Tilfreds»), men samtidig er det ein auke for dei som har svart «Meget tilfreds» frå 2017 til 2019 frå 29,2 til 34,3.


Det er og verd å merke seg at i 2019 hadde Helse Vest IKT hadde ein omfattande episode med beredskap 27.03.2019 (midt i perioden med måling av kundetilfredsheit).

Den neste figuren viser kor tilfreds brukarane er med utviklinga sidan sist måling i 2017.




Det er og verd å merke seg at i 2019 hadde Helse Vest IKT ein utfordrande periode for Kundesenteret bak seg hausten 2018. Kundesenteret får likevel like god score som i 2017. Samtidig kan det være forklaringa på at den positive utviklinga i score for Kundesenteret har stansa denne gongen.

Hvor tilfreds er du med den hjelp du får ved telefonisk henvendelse til Kundesenteret og deres svartid?



På det nye spørsmålet om brukarane har tatt informasjonssikkerheitskurset siste 3 år svarer over 70% ja på dette spørsmålet. Her er det legegruppa som skiller seg ut blant yrkesgruppene. Her er svaret berre 50%.

Den neste grafen viser kor stor del av arbeidstida tilsette nyttar PC. Det er framleis ein auke i tal tilsette som brukar PC i 80 – 100 % av arbeidstida, og talet på tilsette som oppgir mellom 0 – 20 % av arbeidstida er no under 10 %.




På dei to neste sidene er det vist korleis svar på det første spørsmålet er fordelt på dei ulike helseføretaka, og fordelt på dei ulike yrkesgruppene.

Leger er generelt mindre nøgd enn andre yrkesgrupper. Teknisk personell er nest minst nøgd. Merkantilt personell er mest nøgd. Sykepleiarar er nest mest nøgd. Det er grunn til uro at det er ein reduksjon i talet legar som er «Meget tilfreds», det er og ein auke i talet legar som seier dei er «Ikke tilfreds». For sjukepleiarar og anna helsepersonell er det ein positiv utvikling, for andre grupper er resultatet som i 2017.


Den dårligaste scoren får vi frå legar på Haraldsplass Diakonale Sykehus. Der er berre 68,8% «meget tilfreds» eller «tilfreds». Det er legar i Helse Fonna som er nest minst nøgd med Helse Vest IKT. Der er resultatet at 82% er «meget tilfreds» eller «tilfreds». Den beste scoren får vi av Betanien Sykehus, der 98,5% svarer «meget tilfreds» eller «tilfreds». Ellers er funn ganske like mellom dei store føretaka og samanlikna med tidlegare år.

Resultata frå dei ulike helseføretaka er i stort relativt likt. Av dei som har meir enn 1 % som er «Ikke tilfreds» kommer Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Hvor tilfreds er du samlet sett med det totale tjenestetilbudet fra Helse Vest IKT?



Hvor tilfreds er du samlet sett med det totale tjenestetilbudet fra Helse Vest IKT?



Det var over 9000 som svarte på undersøkinga. I tillegg var det 110 sider med kommentarar. Det har vore ei jamn og gode auke på både talet svar og talet kommentarar dei siste åra. Helse Vest IKT har brukt litt tid på å gå igjennom kommentarane for å sjå om det er samanfallande trekk som vi må arbeide vidare med. Administrasjonen vil arbeid vidare med dette tekstmaterialet for å hente fleire læringspunkt frå tilbakemeldingane frå brukarane.

Det er nedanfor gitt nokre vurderingar knytt til nokre av tilbakemeldingane som er gitt.

DIPS:

- Til saman 350 kommentarar der det meste er ulik kritikk av DIPS som fordeler seg slik:
 - *DIPS går tregt, spesielt etter oppgraderingar*
 - *DIPS gir feilmeldingar og henger, trenger restart*
 - *DIPS er lite brukarvennleg og lite intuitivt*
 - *Klage på manglande forståing for klinkarane sin sjukehuskvardag*

Meona:

- Er nemnt 120 gonger i kommentardelen
- Mange klagar over mindre feil (bugs) og talet feilmeldingar
- Manglar/saknar funksjonalitet

Kundesenter/sakshandsaming/Kundeweb

- Mykje skryt til Kundesenter og serviceteknikarar (Klientdrift)
- Nokre klager på varierende kompetanse i Kundesenteret
- Kompliserte sakar (3.linje) tek for lang tid å løyse
- Framleis noko misnøye med Kundeweb, sjølv om nokre påpeikar at den er blitt betre
- Sakar blir lukka utan at dei er løyst

Andre tilbakemeldingar:

- Tre brukarar har signert kvar sin tilbakemelding med fullt namn, vert fylgt opp.
- Ein brukar sendte klage via elements etter undersøkinga, fylgt opp

Oppfølging av kartlegginga

Administrasjonen vil, basert på den gjennomgangen som er gjort av tilbakemeldingane av kundetilfredsheit, fylgje dette opp med fylgjande tiltak;

1. Alle tilbakemeldingar knytt til DIPS og Meona vil bli gjennomgått internt, og i relevante fora. Samla tilbakemelding vil deretter bli vidaresendt til hhv DIPS ASA og Baxter/Meona.
2. Alle tilbakemeldingar på Samlepunktet, Kundeweb og assyst blir fulgt opp internt.
3. Kontinuerleg følge opp at alle tilsette får tilstrekkeleg med kunnskap om kvardagen i helseføretaka. Dette for å sikre at tilsette i Helse Vest IKT faktisk forstår kva slags rammer vi leverer våre tenester inn i.

4. Publisere hovudtrekka i resultatet av kartlegginga på intranett i helseføretaka.
5. Bruke resultat i det interne motivasjonsarbeidet overfor medarbeidarar i Helse Vest IKT.
6. Dele ut premie (Bose hovudtelefon) til ein vinnar og informere om dette via helseføretaka.

Konklusjon

På spørsmålet om kor nøgd er du med det samla tenestetilbodet frå Helse Vest IKT svarar heile 94% at dei er nøgd (tilfreds) eller særst nøgd (meget tilfreds). Dette var same resultat som i 2017 men det er ei auke i dei som svarer «Meget tilfreds». Den gode utviklinga over mange år held fortsatt fram. Det er bra.

Administrasjonen er av det syn at desse kartleggingane har gitt innspel til områder der Helse Vest IKT kan utviklast vidare. Administrasjon vil ta initiativ til vidare oppfølging i tråd med det som er lagt fram i saka.

SAK 042-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 28.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen
SAKA GJELD: **Innkalling til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **042/19 B**

STYREMØTE: **07.06.2019**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret kallar inn til ordinær generalforsamling i Helse Vest IKT AS i tråd med innkalling og vedlegg.*

Oppsummering

Viser til sak 005/19 om godkjenning av styret sin årsberetning for 2018 og til sak 006/19 om godkjenning av årsrekneskap for 2018.

Viser til aksjelova vedrørende ordinær generalforsamling.

Forslag til innkalling og vedlegg til generalforsamling er lagt ved i vedlegg 1 (vedlegg 1 til sak 006/19, årsrekneskap med styret sin årsberetning og revisjonsberetning, er ikkje sendt ut som eige vedlegg).

INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING HELSE VEST IKT AS

Stad: Telefonmøte
Møtetidspunkt: Fredag 21.06.2019 kl. 08.00 – 08.15

Går til: Generalforsamling
Einar Strømsvåg, Helse Vest RHF

Kopi til: Helse Vest RHF
Revisor Ellen Marvik, BDO Revisjon

Saksliste

Saksnr.	Sak	Underlag
<i>Opne saker</i>		
Sak 001/19	Val av møteleiar	
Sak 002/19	Godkjenning av innkalling/dagsorden	
Sak 003/19	Val av representant til å underskrive protokollen saman med møteleiar	
Sak 004/19	Godkjenning av årsrekneskap og styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2018	Vedlegg
Sak 005/19	Val av styremedlemer	Vedlegg
Sak 006/19	Fastsetjing av styrehonorar	Vedlegg
Sak 007/19	Fastsetjing av honorar til revisor	Vedlegg

Bergen, 07.06.2019
Helse Vest IKT AS

Herlof Nilssen
Styreleiar

Går til:	Generalforsamling
Selskap:	Helse Vest IKT AS
Dato skreven:	14.05.2019
Saka gjeld:	Sak 04/19; Godkjenning av årsrekneskap og styret sin beretning for Helse Vest IKT AS for 2018

1 Bakgrunn

Årsrekneskap med notar og styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2018 er lagt ved i vedlegg 1. Styret i Helse Vest IKT AS handsama i styremøte 13.03.2019 årsrekneskap og styret sin årsberetning for 2018, jfr. fylgjande henta frå protokollen frå møtet;

«Sak 05/19 B Styret sin årsberetning for 2018

Oppsummering:

Framlegget til styrets årsberetning er basert på dokumentet "Årleg melding til Helse Vest RHF for 2018", jfr. sak 084/18 i styremøtet 14.12.2018.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente «Styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2018.»

«Sak 06/19 B Godkjenning av årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2018

Oppsummering:

Revisor frå BDO, Ellen Marvik, presenterte oppsummering av funn frå revisjon av rekneskap. Det var ingen vesentlige avvik som var avdekka. Vurdering av internkontroll innanfor rekneskapsområdet vart og gjennomgått og rutinar vart vurdert som tilfredsstillande. Presentasjon til revisor vert ettersendt til styret.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2018.»

Forslag til vedtak

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskap og styret sin årsberetning for Helse Vest IKT AS for 2018.

Går til: Generalforsamling
Selskap: Helse Vest IKT AS
Dato skriven: 27.05.2019
Saka gjeld: **Sak 05/18; Val av styremedlem**

Bakgrunn

Helse Vest IKT AS har fylgjande styremedlemer valde av eigar i 2018;

- Adm. dir. Herlof Nilssen, Helse Vest RHF, styreleiar
- Adm. dir. Inger Cathrine Bryne, Helse Stavanger HF
- Adm. dir. Olav Klausen, Helse Fonna HF
- Viseadm. dir. Clara Gram Gjesdal, Helse Bergen HF
- Adm. dir. Arve Varden, Helse Førde HF
- Adm. dir. Eivind Gjemdal, Bits AS, Finans Norge
- Konserndirektør IT Beate Sander Krogstad, Statnett

Val av styremedlemmer av og mellom dei tilsette i Helse Vest IKT AS er gjennomført primo 2019. Fylgjande vart valde for 2 år;

Styremedlemmar:

- Stian Hoell
- Lars Erik Baugstø-Hartvigsen
- Agnete Sjøtun
- Ørjan Midttun

Varamedlemmar:

- Eva Cathrine Backer
- Øyvind Aardal
- Anne-Lise Anastasiadou Høisæter
- Jan-Fredrik Carlsen
- Christel Beate Lerøy
- Birgitte Johnsen

Forslag til vedtak

1. Dei eigarvalde styremedlemmer vert attvalde.

Går til:	Generalforsamling
Selskap:	Helse Vest IKT AS
Dato skriven:	27.05.2019
Saka gjeld:	Sak 06/19; Styrehonorar

1 Bakgrunn

Styret for Helse Vest IKT AS er samansett av interne styremedlemmer og eksterne styremedlemmer. Tilsette i Helse Vest RHF, tilsette i eit av helseføretaka eller tilsette i Helse Vest IKT AS vert rekna som interne styremedlemmer.

For *interne* styremedlemmer *oppnemnt av eigar* har det ikkje vore betalt styrehonorar. Frå og med 2. halvår 2013 er det betalt styrehonorar for styremedlemmer valgt av og mellom tilsette etter same sats som for eksterne styremedlemmer. Vara-medlemmer får ei godtgjering tilsvarande 4 % av ordinært styrehonorar per møte.

Godtgjering til styremedlemmane vart sist regulert i 2018 og vart då sett til kr. 95.000,- per år for eksterne styremedlemmer og for interne styremedlemmer vald av og mellom tilsette.

Helse Vest RHF har ikkje gjennomført ny regulering for 2019.

Forslag til vedtak

Fylgjande styrehonorar vert vedteke for 2019;

1. Styremedlemmar tilsett i Helse Vest RHF eller i eit av helseføretaka mottar ikkje styrehonorar.
2. Eksterne styremedlemmer og styremedlemmer valgt av og mellom tilsette mottar kr. 95.000,- i styrehonorar for 2019.
3. Vara-medlemmer får ei godtgjering tilsvarande 4 % av ordinært styrehonorar per møte.

Går til:	Generalforsamling
Selskap:	Helse Vest IKT AS
Dato skreven:	15.05.2019
Saka gjeld:	Sak 07/19;Fastsetjing av honorar til revisor

1 Bakgrunn

Helse Vest IKT AS har same revisor som øvrige føretak i Helse Vest RHF, BDO.

Revisor for Helse Vest IKT AS er Ellen Marvik, BDO. Honoraret til revisor for 2018 har vore 140.000,- inkl. mva.

Det er i tillegg utbetalt kr. 22.000 for utvida revisjon.

Forslag til vedtak

1. Honoraret til revisor for 2018 vert fastsett til kr. 162.000,- (inkl. mva.).

SAK 043-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 28.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen og Harald Flaten
SAKA GJELD: Tiltak knytt til tekniske endringar

ARKIVSAK:
STYRESAK: Styresak 043/19 B

STYREMØTE: 07.06.2019

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret ba administrasjonen om å gjennomføre tilrådte tiltak for å redusere risiko knytt til gjennomføring av tekniske endringar i IKT-infrastruktur.*

Oppsummering

Helse Vest IKT hadde en omfattende episode med beredskap onsdag 27.03.2019. En teknisk driftsforstyrrelse som Helse Vest IKT var ansvarlig for resulterte i manglende kobling mellom servere og lagring. Denne koblingen ble raskt re-etablert og i prinsippet skulle lagringsløsningen kunne resette seg og komme tilbake i normal produksjon innenfor en tidsramme av en time. Administrasjonen har i denne saken fulgt opp episoden med gjennomgang av hendelsesforløpet, og lagt frem forslag til tiltak for å redusere risiko knyttet til tekniske endringer i IKT-infrastrukturen.

Fakta

Viser til sak 022/19, punkt 2 under adm. dir. sin orientering. Adm. dir. orienterte om omfattende episode 27.03.2019. Det ble også gitt en orientering om konsekvensene av driftsforstyrrelsen i ett av helseforetakene.

For detaljer vises det til utdrag fra protokollen fra møtet, jfr. følgende;

«Sak 22/19 O Administrerende direktør si orientering

2. Omfattende episodar med beredskap

Helse Vest IKT gjennomførte 27.03.2019 ein planlagt endring på kopi av sentral lagringsløsning for VmWare serverar. Den planlagte endringa var kategorisert som «lavrisiko» endring. Det var ikkje planlagt aktivitet på den sentrale lagringsløsningen som var i drift. Endringa medførte feil på sentral lagringsløyising (VMware), ein teknisk driftsforstyrrelse som Helse Vest IKT er ansvarleg for.

Helse Vest IKT må i evalueringa av denne episoden vurdere om alle prosessar og rutinar er fulgt, om opplæring har vore god nok, om det er etablert tilstrekkeleg hindringar som kan redusere risiko for feil, og basert på denne gjennomgangen redusere risiko for at tilsvarende feil kan oppstå på nytt.

Styret bad administrasjonen kome tilbake med ei orientering om resultatet av gjennomgang av hendinga og orientere om tiltak som vert gjennomført for å redusere risiko for at slik feil skjer på nytt.

Ved slike driftsforstyrrelsar skal kobling mellom serverar og lagring automatisk re-etablerast. Helse Vest IKT melde kl. 10.00 rettetid på ca. 1 time. Diverre vart ikkje alle serverane automatisk re-etablert. Det førte til at Helse Vest IKT kl. 11.00 måtte melde ny rettetid på 1 – 2 timar. Styret ba og administrasjonen om å gjennomgå årsaker til at den automatisk re-etableringa ikkje var fullstendig, og å gjere tiltak for å utbetre dette.

Helse Vest IKT beklagar dei ulempene denne hendinga hadde for pasientar, helsepersonell og helseføretak.

Styret gav sin tilslutning til den måten administrasjonen har handtert informasjon om denne hendinga på.»

Drøfting

Administrasjonen har gått igjennom hendelsesforløpet og dokumentert hva som skjedde. Administrasjonen vil gi styret en presentasjon av de viktigste forhold i hendelsesforløpet.

Administrasjonen vil deretter presentere noen tiltak som er under gjennomføring, samt presentere hvordan administrasjonen vil arbeide videre med endringshåndtering knyttet til IKT-infrastruktur i Helse Vest IKT.

Konklusjon

Administrasjonen vurderer det slik at det er krevende å finne den rette balansegangen mellom kosteffektivitet og risiko knyttet til endringer i sentrale deler av IKT-infrastrukturen for Helse Vest IKT. Administrasjonen har gjennomført noen tiltak, og vil arbeide videre med dette tema fremover.

SAK 044-19

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 27.05.2019
SAKSHANDSAMAR: Fredrik Eldøy, Harald Flaten, Ørjan Andersen, Gjertrud Fagerli og Erik M. Hansen
SAKA GJELD: **Status for interne virksomhetsprosesser i Helse Vest IKT**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 044/19 O
STYREMØTE: 07.06.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek saka til orientering.*

Oppsummering

Helse Vest IKT har 12 ITIL-prosesser i produksjon. Hver prosess er gjennomgått og gitt en status ihht til en tabell. Innførte, planlagte og ikke innførte prosesser i Helse Vest IKT er blitt målt opp mot ISO 20000 standarden.

Alle innførte prosesser er under kontinuerlig forbedring. I september 2017 godkjente ledergruppen et veikart for prosessarbeid, basert på tilbakemeldinger fra organisasjonen. Veikartet har nå vært fulgt i to år og har utløpsdato i 2019. Det vil bli etablert nye målsetninger og et nytt veikart i Q3 i år. Satsningsområdene i veikartet er:

- **Endring og produksjonssetting:**
Det er produksjonssatt, i begrenset omfang, en automatisert *Endringsveileder* som forenkler og effektiviserer endringsregistrering. Endringsveilederen guider endringsanmoder i arbeidet med å definere og redusere risikoer ved endringer. Endringsveilederen er i pilot, og vil bli utviklet videre etter hvert som tilbakemeldinger og erfaringer kommer.
Vi ser at endringsprosessen trenger å komme tidligere på banen i oppgraderingssyklusen. Det er behov for å se på hvilke steg som vil gi best effekt for å oppnå ønsket målsetning. Sammenhengen mellom endringsprosessen og produksjonssettingsprosessen må styrkes ytterligere.
- **Opplæring:**
